

Handlingsplan for
inkluderande læringsmiljø
ved
Høgskulen i Volda
2022-2025

Vedteke av styret 16.06.2022



HØGSKULEN
I VOLDA

Innhald

1	Innleiing	3
2	Overordna målsettingar	4
3	Det fysiske læringsmiljøet	4
4	Det organisatoriske læringsmiljøet	4
5	Det pedagogiske læringsmiljøet	5
6	Det digitale læringsmiljøet	5
7	Det psykososiale læringsmiljøet	6
8	Regelverk	7

1 Innleiing

Denne planen skal vere eit styringsverktøy i arbeidet med høgskulen sitt heilskaplege læringsmiljø i planperioden. Læringsmiljøet er avgjerande for at studentane skal oppnå ønska og forventa læringsutbytte, i tillegg til trivsel og god helse. Ein av Høgskulen i Volda sin grunnleggande verdiar er inkludering, og eit godt læringsmiljø for alle. Ein viktig del av dette er at høgskuleområdet og studietilbodet er tilgjengeleg for alle, og at høgskuleområdet bidreg til trivsel, både sosialt og fagleg. Det er eit mål at alle studentar og tilsette skal kjenne at dei høyrer til ved høgskulen. Då må vi ha løysingar som er universelt utforma slik at vi fjernar behov for individuell tilrettelegging. Høgskulen skal ha eit inkluderande og godt læringsmiljø som fremjar trivsel og trekker fram talenta og evnene til flest mogleg.

Gjeldande strategiplan seier at HVO «er nasjonalt leiande på studentengasjement og studentmedverknad og har eit av dei beste student- og læringsmiljøa i landet», noko som er eit viktig bakteppe for denne handlingsplanen. For å nå gjeldande strategiplan og som ein del av arbeidet med inkluderande læringsmiljø utarbeidar Læringsmiljøutvalet¹ ein handlingsplan for inkluderande læringsmiljø som vert vedteken i Høgskulestyret.

Omgrep og definisjonar

- Læringsmiljø i denne planen definerer vi som «Totaliteten av fysiske forhold, planer, lærestoff, læremidler, organisering av undervisningen, arbeidsformer, vurderingsformer, sosiale relasjonar og holdningar til læring – altså alle faktorer som kan påvirke studentenes læring»². Basert på universell.no og UH-lova § 4-3 vel vi følgjande oppsett på planen vidare
 - o Fysisk læringsmiljø
 - o Organisatorisk læringsmiljø
 - o Pedagogisk læringsmiljø
 - o Digitalt læringsmiljø
 - o Psykososialt læringsmiljø
- **Inkludering:** Med inkludering meiner vi ein aktiv innsats for at alle skal bli rekna med som del av fellesskapet. Inkludering i vårt læringsmiljø skal sikte mot å fremje helse, trivsel og læring for alle, og anerkjenne mangfald som ein ressurs.
- **Universell utforming (forkorta UU)** «er utforming av produkter, omgivelser, programmer og tjenester på en slik måte at de kan brukes av alle mennesker, i så stor utstrekning som mulig, uten behov for tilpassing og en spesiell utforming. Universell utforming skal ikke utelukke hjelpemidler for bestemte grupper av mennesker med nedsatt funksjonsevne når det er behov for det.»³
- Med **IKT** meiner vi her teknologi og system av teknologi som vert brukt til å uttrykke, skape, omdanna, utveksle, lagre, mangfaldiggjere og publisere informasjon, eller som på annan måte gjer det mogleg å bruke informasjon.
- **Tilrettelegging** vil seie å finne løysingar som fjernar barrierar utan å senke faglege krav. Det kan vere fleire måtar å gi individuell tilrettelegging på, som dekker tilretteleggingsbehovet. Tilrettelegging skal skje i samråd med studenten som skal ha nytte av tiltaket, og ein skal høyre deira synspunkt og erfaringar. Ein kan likevel velge det minst kostbare eller byrdefulle tiltaket, så lenge tiltaket faktisk dekker det dokumenterte tilretteleggingsbehovet.

¹ UH-lova § 4-3 seier at vi skal ha eit Læringsmiljøutvalet (LMU) som skal bidra til å utvikle eit godt læringsmiljø. Det overordna ansvaret ligg hos Høgskulestyret, og i det daglege hos leiinga. Utvalet skal følgje med og bidra til at ein arbeider målretta for eit godt og inkluderande læringsmiljø, og rapporterer til styret.

² Skaalvik, E. M., & Skaalvik, S. (2005). Skolen som læringsarena. Selvoppfatning, motivasjon og læring. Oslo, Universitetsforlaget.

³ FN-konvensjonen som rettigheter til mennesker med nedsatt funksjonsevne (CRPD)

2 Overordna målsettingar

Alle sider ved læringsmiljøet på HVO skal vere utforma etter prinsippet om universell utforming. Dette inkluderer utforming av bygningar og uteområde, IKT og informasjon, studiar og undervising.

Ved behov for individuell tilrettelegging skal det vere eit gjensidig forpliktande samarbeid mellom student, fagmiljø og sentrale einingar. Dette skal sikre nødvendig og føremålstenleg tilrettelegging som samsvarer med faglege krav i utdanningane. Dette tek utgangspunkt i læringsmål for emna og studenten sine dokumenterte behov.

3 Det fysiske læringsmiljøet

Det fysiske læringsmiljøet handlar om utforming og bruk av bygningar og uteområde slik at ein legg til rette for læring av høg kvalitet for alle.

- Mål:
 - Alle nye prosjekt skal vere universelt utforma, og ein skal systematisk betre eksisterande bygningar og uteområde med mål om universell utforming også der.
 - Læringsmiljø skal vere sentralt i utviklinga av høgskuleområdet.
 - Utviklinga av det fysiske læringsmiljøet må ha ein langsiktig plan, og sikre at mindre prosjekt drar i ei felles positiv retning for læringsmiljøet.
- Delmål/Tiltak:
 - Universell utforming og læringsmiljø skal inn som eige punkt i vurdering av nye prosjekt, og ved tildeling av investeringsmidlar.
 - Informasjonen om kva system ein har for å varsle om ting som ikkje fungerer skal bli gjort kjend og vidareutvikla.
 - God tilgang til mikrofon i lokale ved høgskulen, også for studentar. (Ansvarleg: IT)

4 Det organisatoriske læringsmiljøet

Det organisatoriske læringsmiljøet handlar om system for tilbakemelding og medverknad, organisering av utdanningane, system, struktur og organisering av arbeidet med læringsmiljø

- Mål:
 - Høgskulen i Volda sitt arbeid med organisatorisk læringsmiljø skal legge vekt på inkludering og universell utforming.
- Delmål/Tiltak:
 - Høgskulen skal ha rutinar for individuell tilrettelegging, og rutinar for korleis HVO skal vidareutvikle system for individuell tilrettelegging (til dømes korleis vurdere nye former for tilrettelegging). (Ansvar: Studieadministrasjonen)
 - HVO skal ha gode studieomtaler, som gjev søkarar eit realistisk bilete av kva krav dei vil møte i studiet. Dette gir søkaren grunnlag for å vurdere kor godt studiet passar, og kva dei eventuelt vil søke om å få tilrettelagt. (Ansvar: Studieprogramleiarar)
 - Arbeidet med universell utforming og læringsmiljø skal vere integrert i kvalitetssystemet, inkludert studie- og emneplanar og rapportar. (Ansvar: Utdanningsutvalet)
 - Høgskulen må synleggjere betre korleis studentane kan gje tilbakemelding og/eller seie i frå om uakseptable tilhøve. Dette gjeld [Sei i frå](#), [Sikresiden](#), [Kvalitetsutval](#) med meir. (Ansvar: Leiinga i samarbeid med kommunikasjon)
 - Høgskulen skal styrke samarbeidet med naturlege samarbeidspartar om studiestart og velferd. (Ansvar: Rektorat)

- Viktig informasjon som er til alle studentar skal vere tilgjengeleg både på norsk og engelsk (Ansvar: Alle)

5 Det pedagogiske læringsmiljøet

Pedagogisk læringsmiljø handlar om den pedagogiske aktiviteten som påverkar studentane si læring. Faktorar er mellom anna utforming av læringsutbytte, innhald, aktivitetar og vurderingar.

- Mål:
 - Den pedagogiske aktiviteten skal vere inkluderande, og formidle kunnskap som kan nå alle studentane.
- Delmål/tiltak:
 - Høgskulepedagogiske kurs skal gi kunnskap om mangfald, universell utforming og psykososialt læringsmiljø. (Ansvarleg: Utdanningsutvalet og Prodekan for utdanning ved AHL)
 - Alle som underviser skal ha kunnskap om tilrettelegging, kontaktpunkt for tilrettelegging og si eiga rolle i arbeidet. (Ansvar: Utdanningsutvalet og dei som har personalansvar)
 - Studentar og nyttilsette skal ha god informasjon om individuell tilrettelegging. (Ansvar: Studieprogramleiarar og studieadministrasjonen)
 - Studentane skal møte undervising som ikkje skapar unødvendige barrierar, som inkluderer varierte undervising- og vurderingsformer. (Ansvar: Faglærar, emneansvarlege)
 - Ved utforming vurderingsformer, her under også arbeidskrav, skal ein vurdere om desse kan skape unødige barrierar, som ikkje har fagleg grunnlag. (Ansvar: Emneansvarlege og studieprogramleiarar)
 - Dei som skal koordinere studieprogram, skal bidra til at ein unngår svært høgt arbeidspress i periodar (til dømes mange fristar samtidig), for å bidra til god flyt og gjennomføring. (Ansvar: Studieprogramleiarar)
 - Mikrofon skal nyttast som hovudregel i all undervising, også i studentdialogen. (Ansvar: Dekanar)
 - Tilsette må få opplæring i bruk/lading av mikrofon. (Ansvar: IT)

6 Det digitale læringsmiljøet

Det digitale læringsmiljøet handlar om bruk og utvikling av IKT i læring, og korleis digitale verktøy vert integrert i den pedagogiske verksemda.

- Mål:
 - Høgskulen skal sikre at digitale løysingar retta mot studentar er universelt utforma og tilfredsstillar lovkrava. Dette gjeld mellom anna nettsider, e-læringsplattformer, dokument, digital undervising og digital eksamen.
- Delmål / tiltak:
 - Høgskulen skal velje IT-løysingar som tilfredsstillar nasjonale UU-standardar når dette finst. Løysingane skal kunne nyttast saman med tilleggsutstyr. (Ansvarlege: IT-kontoret)

- Læringsverkstaden skal bli brukt som ein ressurs for universell utforming av digital undervisning og digitale verktøy (Ansvarleg: Læringsverkstaden)
- Høgskulen skal tilby fagtilsette opplæring i og hjelp til god pedagogisk bruk av Canvas og andre relevante digitale verktøy. (Ansvar: Læringsverkstaden)
- Alle studentar skal ha tilbod om innføringskurs i Canvas, der det går fram korleis studieprogrammet/ emnet nyttar Canvas. Døme: Kvar ligg oppdatert kalender, oppgåver m.m. (Ansvarleg: Studieprogramleiar og emneansvarlege)
- Alt materiell som vert gjort tilgjengeleg digitalt, skal følgje standard for universell utforming. Dette gjeld også tilbakemelding på studentarbeid. (Ansvar: Alle)
- Høgskulen skal tekste videoar som vert publisert, også undervisningsvideoar.⁴ Ein prioriterer først fag med mange studentar, eller der det er kjende tilretteleggingsbehov. (Ansvar: Dekanar og IT)

7 Det psykososiale læringsmiljøet

Det psykososiale læringsmiljøet handlar om (rammene for) trivsel og samhandling mellom studentane, mellom dei tilsette, og mellom studentar og tilsette. Sosialt miljø, kultur og velferd.

- Mål:
 - Høgskulen i Volda skal ha eit lærings- og studentmiljø der du vert sett og inkludert.
- Delmål / tiltak:
 - Høgskulen vil systematisk jobbe for å utvikle og nå ut med kurs og tilbod for behov vi ser blant studentane, i lag med naturlege samarbeidspartar og særleg i samarbeid med studentar. (Ansvar: Studentsamskipnaden og leiinga på HVO i samarbeid med Studentparlamentet)
 - HVO skal utvikle opne studentareal med gode møteplassar der ein legg til rette for samhandling fagleg og sosialt (Ansvar: Høgskuledirektør)
 - Studiestart skal legge grunnlag for eit godt psykososialt læringsmiljø (Ansvar: Studieprogramansvarlege, og rektorat i samarbeid Fadderveka)
 - Høgskulen skal synleggjere velferdstilbodet ved HVO og Studentsamskipnaden for tilsette, slik at studenten møter ei god fyrstelinje og kan verte vist vidare til rett velferdstilbod (Ansvar: Leiinga og kommunikasjon)
 - Høgskulen skal synleggjere velferds- og helsetilbodet ved HVO og Studentsamskipnaden for studentar (Ansvar: Studieprogramleiarar og studieadministrasjonen)
 - Høgskulen skal legge til rette for eit aktivt studentorganisasjonsmiljø og synleggjere dette (Ansvar: Studentsamskipnaden og leiinga på HVO i samarbeid med Studentparlamentet)
 - Alle tilsette skal ha kunnskap om psykososialt læringsmiljø og si eiga rolle i arbeidet. (Ansvar: Utdanningsutvalet og dei med personalansvar)

⁴ Dette er eit forskriftsfesta krav, men teksting kan erstattast av å legge ut manus eller liknande saman med videoen.

8 Regelverk

FN har fleire konvensjonar som skal sikre grunnleggjande menneskerettar, uavhengig av funksjonsevne, rase eller kjønn. Noreg har ratifisert desse konvensjonane og lovverk byggjer på desse og forpliktar oss til å sikre alle sin rett til likestilling og ikkje-diskriminering.

Nasjonal lovgiving:

- [Likestillings- og diskriminerings-lova](#)
 - Lova skal fremme likestilling og hindre diskriminering
 - Skal bygge ned samfunnsskapt funksjonshemmande barrierar, og hindre at nye vert skapt
 - Diskrimineringsvern
 - Generell plikt til å tilrettelegge offentleg rom (universell utforming)
 - Tilretteleggingsplikt for å møte individuelle behov
- [Universitets- og høgskolelova](#)
 - Skal gi likeverdige moglegheiter til høgare utdanning
 - Overordna krav til universell utforming
 - Gir studentar med særskilt behov rett til egna individuell tilrettelegging av
 - Lærestad
 - Undervising
 - Læremiddel
 - Eksamen
 - Omfattar varig funksjonsnedsetting og midlertidig behov av vesentleg karakter
 - Tilrettelegging er enkeltvedtak med klagerett etter Forvaltningslova⁵

Lokal forskrift og rammeverk:

- [Forskrift om opptak, studium og eksamen ved Høgskulen i Volda](#)

⁵ <https://lovdata.no/lov/1967-02-10/§28>